

Årsmelding 2021



Foto: Avid Fimreite



SOGN REGIONRÅD

Innhald

1	Sogn regionråd	3
1.1	Møte og deltaking	3
1.2	Rekneskap – økonomiske resultat	3
2	Aktivitetar i 2021	4
2.1	Attraktiv buregion.....	4
	Integrering og inkludering	4
	Rekruttering og profilering.....	5
2.2	Kompetanse	5
	Regionalt barnehage- og skulesamarbeid.....	5
	Fagkompetanse til verksemdene.....	6
	Kompetanseutvikling i arbeidslivet.....	6
	Fleire læreplassar i Sogn	7
	Desentralisert sjukepleiarutdanning	7
2.3	Næringsutvikling	7
	Grøn Region Vestland	7
	Samarbeid om felles interesser	7
	Regionale møteplassar	7
	Reiseliv	8
2.4	Samferdsle	8
2.5	Ny regionalplan.....	9
2.6	Fellesordningar i Sogn regionråd.....	9
	Kommunenett	9
	Geografisk informasjonssystem (GIS)	9
2.7	Samarbeidsfora i Sogn regionråd.....	10
	Rådmannsgruppa.....	10
	Regionale nettverk.....	10
2.8	Samarbeid i fylket	12
2.9	Orienteringar og gjesteforedrag	12
2.10	Rapportar	13
2.11	Fråsegner	13
3	Rekneskap	14
3.1	Rekneskapsoversikt	14
3.2	Bruk av fond	15

1 Sogn regionråd

1.1 Møte og deltaking

Sogn regionråd er eit interkommunalt samarbeid etter kommunelova § 27¹. Medlemskommunane er Aurland, Høyanger, Luster, Lærdal, Sogndal, Vik og Årdal. Ordførarane i kommunane er faste medlemmar i regionrådet. Rådet si samansetjing er slik:

Årdal kommune, Hilmar Høl (leiar)
Aurland kommune, Trygve Skjerdal
Høyanger kommune, Petter Sortland
Luster kommune, Ivar Kvalen
Lærdal kommune, Audun Mo
Sogndal kommune, Arnstein Menes
Vik kommune, Roy Egil Stadheim

Sogn regionråd hadde 6 møte:

19. februar, Vik
21. april, Luster
18. juni, Årdal
21. september, Flåm
29. oktober, Sogndal
13. desember, Sogndal

Rådet handsama 23 saker i løpet av året.

Sogn regionråd har eige sekretariat med dagleg leiar tilsett i full stilling.

Rådet kan etablere arbeidsgrupper som førebur saker til rådet og arbeider for å påverka avgjerdstakar innanfor sitt område, jf retningslinjene. Rådet har for tida ei slik gruppe; samferdslegruppa som er samansett av fire ordførarar. Gruppa hadde 8 møte (digitale).

1.2 Rekneskap – økonomiske resultat

Rekneskapen for 2021 vert revidert som ein del av rekneskapen i Sogndal kommune.

Sogn regionråd fekk totalt tilført inntekter på kr 8 271 917. Av dette utgjer eksterne midlar kr 2 993 912 og refusjon frå kommunane kr 4 999 687, inkludert kr 3 910 000 i kontigentmidlar.

Det er brukt kr 1 304 021 av bundne fond, medan ubrukte midlar kr 2 183 348 er avsett til fond. Renteinntektene av fondsmidlane utgjer kr 54 203, og er avsett til fondsmidlar prosjekt. Positivt netto driftsresultat er kr 879 327. Meirverdiavgiftskompensasjonen utgjer kr 277 718.

Detaljar i rekneskapen og gjennomgang av bruken av fondsmidlar går fram av punkt 3 i årsmeldinga.

¹ Rådet vil bli omdanna etter ny kommunelov

2 Aktivitetar i 2021

Sogn regionråd har nedfelt mål og strategiar for det regionale arbeidet i "Regionalplan for Sogn 2021-2024". Strategiplanen tek utgangspunkt i regionale utfordringar om folketalsutvikling-/framskriving, sysselsetting og næringsstruktur. Sogn regionråd har fire tema i planen: Attraktiv buregion, kompetanse, næringsutvikling og samferdsle.

2.1 Attraktiv buregion

Integrering og inkludering

Gjennom prosjektet *Sogn for alle* ønsker vi å bli betre på å nytte innvandrarak som ressurs i næringslivet og lokalsamfunnet. Vi skal bli betre på å samarbeide på tvers av offentleg, privat og frivillig sektor og vi skal arbeida meir heilskapleg. Målet med prosjektet er å sikra verdiskaping og vekst gjennom auka sysselsetjing og bulyst blant innvandrarak. Prosjektet går over fire år. Prosjektleiastillinga stod ledig frå mai. Jeanette Walsvik var inne på timebasis frå september til ho byrja i full stilling 1. desember 2021.

Prosjektet har fått mykje merksemd for å kombinere tilflyttingsarbeid og inkludering-/integreringsarbeid i ein regional kontekst og har vore presentert på ulike arena som til dømes fylkesordføraren sitt nyttårsmøte, fylkeskommunen si kommunesamling om innovasjon og næringsutvikling og lmdi si landsdekkande samling om Jobbsjansesprosjekt. Prosjektet har også fått god medieomtale.

Det er etablert fire delprosjekt med tilhøyrande arbeidsgrupper som har hatt følgjande aktivitetar:

Arbeid:

- Mentorprogram: Samlingsbasert program for tilsette og leiarar i private og offentlege verksemdar. Fire bedrifter og 12 deltakarak var med i første program som vart gjennomført 2020-2021.
- Etableraropplæring Spire: Skreddarsydd program med 1-til-1 rettleiing og fellessamlingar.

Bustad:

- Gjennomgang av leige til eige, bruk av startlån i kommunane, status i bustadsosiale planar.
- Erfaringsutveksling av Årdal sitt tilflyttarprosjekt.

Språk og utdanning:

- Norsk B2- kurs: Innvandrarak får kurs for å dokumentere norskkunnskapar og få godkjent si utanlandske utdanning.
- SognalooP: Oppstart av 3 loopar i 3 kommunar. Språkopplæring i kombinasjon med arbeid.

Familie og fritid:

- Foreldrerettleiing minoritetsspråklege: Etablering av fagnettverk for felles opplæring og fagleg samarbeid for kommunalt tilsette.

Vestland fylkeskommune løyvde i 2021 kr 220 000 til mentorprogrammet og kr 100 000 til etableraropplæring. Kommunane har bidrege med midlar til etableraropplæringa; Sogndal kommune kr 90 000 og dei seks andre kommunane kr 30 000 kvar. Statsforvaltaren har løyvd midlar til samarbeid om foreldrerettleiing av minoritetsspråklege kr 200 000.

Prosjektleiing er finansiert gjennom løyving frå fylkeskommunen; kr 0,4 mill første prosjektår og kr 1,5 mill fordelt på dei tre neste prosjektåra. I tillegg kjem midlar frå kommunane og regionrådet.

Prosjektet har ein struktur som sikrar brei involvering og forankring. Styringsgruppa er leia av Hilmar Høl, ordførar i Årdal, og har deltakarak frå frivilligheita, næringsliv, fylkeskommune (næring og rektor vidaregåande skule), den kommunale flyktingtenesta og NAV. Det har vore tre møte.

Prosjektet er leia i tett samarbeid med kommunane som har ein kontaktperson inn mot prosjektet. Det er etablert eit fora for kontaktpersonane med faste møte kvar 6. veke. Målet er å styrke utviklingskapasiteten i kommunane innanfor feltet tilflytting, mangfald og inkludering. Kontaktpersonane leiar også arbeidsgruppene i delprosjekta.

Arbeidsgruppene er breitt sett saman av representantar for kommunane, NAV, fylkeskommunen og andre relevante aktørar som t.d. næringsliv, innvandrarråd og frivilligheita. Arbeidsgruppene har jamlege møte som prosjektleiar koordinerer. Delprosjekta er leia av ein frå styringsgruppa.

Rekruttering og profilering

Grunna covid-19 vart det ikkje arrangert fysiske karrieremesser i regi av Framtidsfylket 2021. Næringsnettverket samarbeider om felles merkevare og profil. Private og offentlege verksemdar ønskjer å styrke den regionale profilen og gjere Sogn kjent som attraktiv region. Prosjektleiar er Joakim Systaddal, Sogndal kommune.

2.2 Kompetanse

Regionalt barnehage- og skulesamarbeid

System for styrka læring er kommunane i Sogn regionråd sitt regionale utviklingsprogram for 2013-2021. Målet er å styrke læringsutbytte for alle elevane, gjennom auka bruk av tilpassa opplæring og redusert omfang av spesialundervisning. Inger Marie Evjestad var programleiar i full stilling.

Fagnettverk

Vi arbeider i nettverk, både for barnehagane og skulane. Nettverka er tufta på gjensidig forplikting og handlar om å dela, bruka og skapa ny kunnskap. Høgskulen på Vestlandet er ein viktig samarbeidspart som er med på å sikra det faglege innhaldet i arbeidet.

Samlingar har vorte avlyste på grunn av situasjonen med covid-19. Fleire er gjennomførde digitalt, noko som fungerer bra, men ikkje på høgde med dei fysiske samlingane. Desse samlingane vart haldne:

- Styrarnettverket har hatt ny barnehagelov, arbeid for godt inkluderande barnehagemiljø som eit gjennomgåande tema. Dette temaet har det vore arbeidd med vidare lokalt i barnehagane i 2021.
- Skulane har heile året arbeidd med Fagfornyninga som tema med fleire undertema som overordna del av læreplanen, psykisk helse, dei nye læreplanane, tverrfaglege tema og ny elevrolle.
- Ei felles digital fagøkt for skulane den 11. august var ei vidareføring av felles digital samling for rektorane i mars. Dagen var todelt, der skulane med alle tilsette, arbeidde med temaet kvar for seg etter fagøkta.

Dialogkonferanse, samarbeid med barnehage – og skuleregion Sogn og evaluering

- Kvar vår har vi evaluerings- og planleggingsmøte for barnehage- og skulenettverka. Dette året evaluerte dei nettverksansvarlege fagnettverka, noko som gav viktig grunnlag for arbeidet med ny programplan.
- Dialogkonferansen, ei felles leiarsamling for barnehagestyrarar og rektorar, samt kommunalsjefar for oppvekstområdet samla 70 leiarar, Høgskulen på Vestlandet, PPT og vidaregåande skule deltok. Samlinga vart gjennomført i Balestrand i oktober og overordna tema var leiarrolla.

- Leiarrolla var tema også for styrarane på andre dagen av samlinga. Dorthea Sekkingstad frå HVL stod for det faglege denne økta. Fagfornyninga var tema for skuleleiarane med Karin Sørliie Street frå HVL som fagformidlar. Temaet var sjølvregulert læring og følgde som naturleg tema etter digital fagøkt om medverknad i mars med Bjørn Bolstad, UIO.
- Samlinga var følgd opp med ei skriftleg evaluering som viste høg skåre, og som syner at felles fagsamlingar er av verdi for dei som driv arbeidet ute på einingane.
- Arbeidet er lagt opp og går føre seg i tett samarbeid med barnehage- og skuleregion Sogn. Prioriteringar for vidare felles arbeid blir også lagde her gjennom den skriftlege evalueringa etter samlinga.

På felles fagnettverksside (fagnettverkisogn.no) blir det lagt ut presentasjonar for både barnehagane og skulane. Dette er informasjon for å dela erfaringar og dokument og for å gjera det lettare å ta teoriar og erfaringar i bruk i eigen barnehage og skule.

Entreprenørskapsmessa for ungdomsskulane vart for fyrste gong gjennomført digitalt då det ikkje let seg gjere å samle opp i mot 600 ungdomar og lærarane deira midt i ein pandemi. Gjennomføringa var viktig, då messa måtte avlysast året før. Ei arbeidsgruppe med sterk hjelp frå Ungt Entreprenørskap planla og gjennomførte heile opplegget. For 2022 er det bestemt at messa skal vere i Luster. Erfaringar frå digital messe blir teke med vidare i fysisk messe 2022.

Psykisk helse

Arbeidet går vidare etter vedteken «Regional plan for god psykisk helse». Planen inneheld felles regionale tiltak og det blir gjennomført opplæring i regionen etter fem modular kvar på 2 timar. Mange barnehagar er no ferdige med dei fem modulane og nye ventar på å kome i gang att etter nyttår. Desse modulane blir gjennomførte saman med heile personalet ute på kvar eining.

Fagdagen psykisk helse i byrjinga av mars hadde 70 deltakarar og temaet var åtferd og barn som utfordrar oss. Vi har dialog med Høgskulen om korleis vi kan jobbe vidare med kompetanseutvikling og vidareføra arbeidet med inkluderande barnehage- og skulemiljø. Temaet psykisk helse er også eit viktig satsingsfelt nasjonalt innafor både barnehage og skule.

Eksterne midlar

Regionen mottok kr 358 440 frå Statsforvaltaren innan rekom (regional ordning for kompetanseutvikling i barnehage) som kan brukast til fellestiltak til dømes til kompetanseheving av barnehagepersonalet. Dei andre midlane knytta til dekom (desentralisert ordning for kompetanseutvikling i skulen) og rekom går direkte til einingane.

Det er presisert at midlane vidare skal i sterkare grad knytast til etter- og vidareutdanning av personalet etter prioriteringar i einingane.

Fagkompetanse til verksemdene

Kompetanseutvikling i arbeidslivet

Sogn arbeider for at skule- og utdanningstilbodet styrkar samfunnsutviklinga og sikrar verksemdene sine behov. Kompetanseforum Vestland er eit overordna styringsorgan for arbeidet med kompetanseutvikling i arbeidslivet. Målet for arbeidet er at utdanningsinstitusjonane i større grad skal utvikla sine tilbod etter behova i arbeidslivet. Vestland fylkeskommune etablerte samarbeidsmodellen for Vestland etter same modell som i Hordaland. Deltakarar i den lokale samarbeidsarenaen er utdanningsinstitusjonar, næringsliv og offentlege aktørar. Sogn regionråd medverkar i arbeidet gjennom deltaking og koordineringsarbeid i lokal samarbeidsarena Sogn. I 2021 samarbeidde Sogn med Hardanger-Voss om innspel til

Kompetanseforum Vestland for dimensjonering av utdanningstilbudet. Det vart også gitt felles innspel til handlingsprogrammet for Berekraftig verdiskaping – regional plan for innovasjon og næringsutvikling 2021-2033.

Fleire læreplassar i Sogn

Partnerskapsavtale om fleire læreplassar er inngått mellom NHO Vestland, LO Vestland og Vestland fylkeskommune og Sogn regionråd ved kommunane. Formålet med å arbeida gjennom partnerskapen er å samordne innsatsen slik at vi aukar tal læreplassar i Sogn og sikrar rekruttering av fagarbeidarkompetanse i arbeids- og næringsliv i regionen. Sidan avtalen vart inngått første gong i 2016 har tal læreplassar auka i Sogn. Samarbeidsområde og tiltak i den nye avtalen er i stor grad vidareføring av førre avtale. Kommunane har sett mål om 2,5 lærling pr tusen innbyggjar. Det vart halde partnerskapsmøte i samband med rådsmøte 29. oktober i Leikanger. Kommunane vart utfordra på setja tema på dagsorden i møte med næringslivet og korleis kommunane sjølve kan bli betre på å ta inn fleire lærlingar og innan fleire fag.

Desentralisert sjukepleiarutdanning

Sogn regionråd har sidan hausten 2019 arbeidd for at kommunalt tilsette i Sogn skal gjennomføre ei desentralisert deltidsutdanning innan sjukepleie. Prosjektleiartillinga var finansiert av fornyingsmidlar.

Hausten 2021 starta 10 tilsette frå Sogn på studiet. I Sunnfjord starta 4 og i Nordfjord 3. Dette viser at arbeidet og ressursane som er lagt inn i vår region har gitt resultat, men vi ønskjer at fleire startar opp hausten 2023. Våren fullførde tilsette støtteundervisning for å kvalifisera seg i norsk og matematikk ved Sogndal vidaregåande skule. Undervisninga var finansiert av kompetansetilskot frå Statsforvaltaren med kr 300 000.

2.3 Næringsutvikling

Grøn region Vestland

Prosjektet Grøn Region Vestland skal vise korleis Vestland kan realisera potensialet for grøn vekst og kva kvar region kan gjere for å lukkast med grøn omstilling. Oppstarten var i mai. Rapporten for Indre Vestland (Hardangerrådet, Voss herad og Sogn regionråd) vart lansert 8. desember på Voss. Rapporten viser status for Indre vestland med tanke på grøn verdiskaping, behov for omstilling og innovasjon, dei grønne verdikjedane og kva som skal til for å lukkast. Prosjektet er ein partnerskap mellom Vestland fylkeskommune og Innovasjon Norge i samarbeid med regionråd og kommunar.

Samarbeid om felles interesser

Hardangerrådet og Sogn regionråd møttest i Bergen i oktober i samband med KS sitt møte om samvirke og roller for regionråda i oktober. Konklusjonen i møtet er at råda og Voss herad ønskjer tematisk samarbeid på område med felles interesser.

Regionale møteplassar

Sogn regionråd byggjer nettverk og samhandlingsarenaer og ønskjer å bidra til å styrka samarbeidet med næringsliv, utdanningsinstitusjonar, forskingsmiljø og organisasjonar. Møta i regionrådet er også arena for slik dialog og samhandling. Punkt 2.9 viser oversikt over orienteringar og gjesteforedrag i regionrådsmøta.

Vi samarbeider med forskings- og utdanningsinstitusjonar innanfor det regionale programmet for barnehage- og skuleutvikling.

Reiseliv

Sogn regionråd bidreg til den felles reiselivssatsinga i Sogn. Rådet løyvde kr 250 000 i tilskot til Visit Sognefjord AS til internasjonal og nasjonal marknadsføring av Sognefjorden og reiselivsprodukta i Sogn.

Masterplan for reiselivet i Sogn: Planen er det overordna styringsdokumentet for alt reisemålsutviklingsarbeidet i Sogn. Planen er utarbeidd av Visit Sognefjord på oppdrag frå Sogn regionråd. Prosjektet er finansiert av Innovasjon Norge og Sogn regionråd. Planperioden er 2017-2021. Gjennom dette prosjektet skal Sogn utviklast som berekraftig reisemål. Arbeidet inneber ei kvalifisering for Innovasjon Norge sitt destinasjonsmerke for berekraftige reisemål. Planen var på høyring i to rundar i 2021; januar-mars og mai-august før den vart endeleg godkjent på hausten. Realisering av planen er avhengig av oppfølging frå kommunane, fylkeskommunen, næringa, verneområda, verdsarvparken og Visit Sognefjord.

Fellesgodefinansiering:

Prosjektet har utgreidd modellar for fellesgodefinansiering og er breitt forankra blant andre Verdsarvrådet for Vestnorsk fjordlandskap, Sogn regionråd, Nærøyfjorden Verdsarvpark, Vestland fylkeskommune m.fl. Visit Sognefjord er prosjektleiar. Neste steg er pilottesting over 3-4 år på utvalde stader.

2.4 Samferdsle

Samferdsleplanen for Sogn regionråd 2020-2023 får fram kva løysingar som er prioriterte i regionen, og legg grunnlag for rådet sitt arbeid. Handlingsplanen for 2021 vart vedteken i rådsmøte desember 2020. I same møte vart det sett av midlar til strategisk arbeid innan samferdsle. Jan Øhlcckers frå Vidsyn rådgivning AS vart leigd inn som ekstern ressurs og har delteke i møta i samferdslegruppa sidan februar.

Regional transportplan 2022-2033

Samferdslegruppa har med utgangspunkt i kunnskapsgrunnlag drøfta og utarbeidd strategiar, som rådet har vedteke. Hovudtyngda av arbeidet har vore retta mot regional transportplan 2022-2033. Gruppa har hatt 9 møte (digitale) og har følgd tett opp prosessane i hovudutval for samferdsle og mobilitet og i fylkesutvalet (SAMO). Gruppa har delteke på høyringsmøta i februar og august.

Rådet prioriterer vedlikehald, tunelloppgradering og rassikring framfor nye vegar og støttar arbeidet med løysingar som gir «meir veg for pengane». Rådet prioriterer fv. 55 bru over Esefjorden, planleggingsmidlar til fv. 5600 Arnafjorden og strekningsvise utbetringar av Tronvik-Ulvåna i Høyanger og Høyheim-Nes i Luster på fv. 55. Sogn regionråd sende søknad om planleggingsmidlar om Arnafjorden i desember 2021. Rådet er opptekne av at Statens vegvesen sin skredfaktormodell vert lagt til grunn for fylkeskommunen sine prioriteringar, og vi fekk her eit viktig gjennomslag i fylkestinget sitt vedtak desember 2021.

Fylkeskommunen la ikkje fram investeringsprogrammet til desember 2021, men vert handsama før sommaren 2022. Handlingsprogrammet blir rullert årleg.

Nasjonal transportplan 2022-2033:

Nasjonal transportplan har vore drøfta i gruppa. Vurderinga er at Sogn kjem særst dårleg ut. Det vart ikkje løyvd midlar til dei tre prosjekta som rådet prioriterer: Rv. 13 Vikafjellstunnelen, tunnel Borlaug-Bjøberg på rv. 52 Hemsedal og E39 Bogstunnelen-Gaular grense (Storehaugen-Førde vart prioritert). Det er løyvd skredsikringsmidlar til E16 Hylland-Slæen (Nærøydalen).

Ferjesamband Hella-Vangsnes-Dragsvik:

Samferdslegruppa møtte Statens vegvesen i februar og departementet i juni om ruteendringar særleg med fokus på avgangane tidleg morgon og kveld (digitale møte).

Samferdsleplanen – handlingsplan:

Arbeidet med å oppdatera kunnskapsgrunnlaget til handlingsplan for 2022 starta i desember med sikte på å få handsama planen på rådet sitt første møte på nyåret.

2.5 Ny regionalplan

Arbeidet med ny regionalplan for Sogn 2020-2024 starta tidleg i 2020. Planen vart vedteken i april 2021 etter ein høyringsrunde og politisk handsaming i kommunane. Handlingsplanen for 2021 vart vedteken på same møtet.

På samlinga i Flåm 20.-21. september deltok ordførarar, kommunedirektørar og næringsansvarlege. Tema var oppfølging av regionalplanen, korleis gå frå ord til handling og organisering av det regionale arbeidet. PwC ved Ingvill Flo og Jan Flølo var prosesseiarar. I oppsummeringa frå samlinga vart det trekt fram behovet for betre forankring av samarbeidet, avklaring av samarbeidet med Hardanger/Voss og ei tydeleg rolle- og ansvarsdeling. Som diskusjonsgrunnlag vart det utarbeidd ein felles presentasjon om regionalplanen. Sak om styrking av rådet vart handsama politisk hausten og fekk tilslutting frå seks kommunar. Handlingsplanen for 2022 som vart vedteken i desember 2021 hadde grundigare omtale enn tidlegare av korleis realisera strategiane, korleis fordele ansvar og omtale av arbeidsform og av samarbeidsformer og roller. Representantar til fellesprosjekta i regionalplanen vart peika ut i rådmannsgruppa og rådsmøte. Ei arbeidsgruppe vart nedsett til å planlegge det første Sognatinget.

2.6 Fellesordningar i Sogn regionråd

Kommunenett

Samarbeidsavtale om drift av kommunenett mellom kommunane og fylkeskommunen regulerer samarbeidet om IKT-tenester. Dei fleste kommunane har sagt opp avtalen.

Geografisk informasjonssystem (GIS)

Kommunane har felles GIS-løysing med programvare for oppdatering av kartdata og forvaltning av kommunale avgifter. I tillegg har kommunane felles kartløyising på web der kartdata er tilgjengeleg for publikum. Kommunane har avtale med Norkart om drift av GIS-løysing og KomTek. Sogn regionråd har avtale med SIMAS om å utføre GIS-tenester for selskapet.

Sogn regionråd har tilsett GIS-koordinator i full stilling. GIS-koordinator er Dariusz Hauderowicz som rapporterer fagleg til dagleg leiar. Rådmannsgruppa er styringsgruppe for GIS-arbeidet.

Sogn regionråd har avtale med Norkart for Applikasjonsdrift og med SIMAS om GIS-tenester. Sogn brann og redning IKS har avslutta å bruke KomTek programvare og har skrive kontrakt med Volue om programvare for feiing og bustadtilsyn. Vi har stabilt GIS- og KomTek-driftsmiljø hos Norkart. Det er installert ny GISLine 8.1 versjon.

Kartdata i Sognregionen:

- Det er installert ny QMS Elveg 2.0 som erstatter vegnett qms i SFKB
- VA-data er flytta til MySQL server for QMS arkivet Vatn og avløp

- Kommunane jobba med prosjekt «Plan for friluftslivets ferdselsårer» som skal identifisere, ivareta og utvikle stiar, turvegar, løyper og leder som er viktige for friluftsliv.
- Kommunane jobba med Hjortevald kart og Lokale DOK-data

Adresseprosjektet: Prosjektet for å få på plass vegadresser i regionen starta i 2012 og held fram. Det har vert lite framdrift i 2021. Tal vegadresser for kommunane i Sogn: 2021 - Aurland (82%), Høyanger (95%), Luster (97%), Lærdal (97%), Sogndal (96%), Vik (96%) og Årdal (97%)

Kompetanseheving:

- Sakshandsamarar og nye medarbeidarar har fått opplæring innan forvaltning av vatn- og avløpskartdata, bruk av GIS-verktøy arealplan og KomTek- programvare.
- Fleire sakshandsamer deltok på GIS-fagwebinar.

Samarbeid:

- Representantar frå regionen har delteke på møter i FGU (Fylkesgeodatautvalet for Vestland), Plan- og temadatautvalet (PTU) og FDV-møter (Forvaltning-, drift- og vedlikehaldsavtaler) som regulerer det kontinuerlege ajourhald av Felles KartdataBase (FKB). Den regulerer også drift, distribusjon, rettar og sal av basene.
- Norkart brukarmøte - plan og geodata 2021 og Norkart brukerforening sitt årsmøte
- Geomatikkdagane 2021 for Plan, bygg og geodata.

2.7 Samarbeidsfora i Sogn regionråd

Rådmannsgruppa

Rådmannsgruppa er eit forum for erfaringsutveksling og utviklar samarbeidet om kommunal forvaltning, administrative funksjonar og tenesteproduksjonen i regionen. Dagleg leiar i Sogn regionråd deltek på møta. Sogndal bidreg med administrativ støtte og Joakim Systaddal var med frå oktober. Steinar Sjøgaard, rådmann i Aurland kommune, var leiar fram til Stig Stark-Johansen, kommunedirektør i Årdal kommune, overtok som leiar i oktober. Gruppa hadde 4 møte og blant sakene har vore: Oppfølging av regionalplanen og styrking av regionrådet, digitalisering, kvalitetsheving av data for kommunale gebyr, prosjektet Sogn for alle, tilflyttarteneste og programmet System for styrka læring,

Regionale nettverk

Regionale fagnettverk er arena for erfaringsutveksling og kompetanseheving for tilsette og leiarar i kommunane, og gir høve for å setja tema på dagsorden, informera om aktuelle saker og samhandla med eksterne aktørar. Fleire nettverk hadde digitale møte.

Nettverka har hatt følgjande aktivitetar:

Namn på nettverk	Tema /saker	Deltakarar og leiar
Helse- og omsorgsnettverk	Desentralisert sjukepleiarutdanning Prosjektet læring i praksis Søknad om senter for fremragende utdanning (SFU) Høyringsuttale prehospital plan Høyring om oppfølging av forslaga frå tvangslovutvalet. Tal møte: 5	Helse- og omsorgsleiarar Leiar: Marit Reppen, Sogndal kommune

HR- /personalnettverk	Ks sitt debatthefte 2021 Lokale lønstingingar Kompetanseutvikling i arbeidslivet Tariffoppgjeret Tal møte: 3 digitale	Personalleiarar/ medarbeidarar Leiar: Elin Heen, Årdal kommune
IKT-nettverket	Nettverket ønskjer å bli eit fagleg samarbeidsnettverk. Tidlegare var tema felles avtaler (kommunenett, GIS-løysing). Gruppa vart utvida slik at alle kommunane deltek. Tal møte: 2	IKT-medarbeidarar Leiar: Eva L. Løvdahl, Årdal kommune.
Kompetanseregion Sogn	Arbeid med kompetanseutvikling og rutinar innafor spesialpedagogisk område Utforming og gjennomføring av viktige samarbeidstema for leiarar og tilsette 2021 Eksamen grunnskulen Bruk av tilskotsmidlar kompetanseutvikling barnehage. Samarbeid med Vite Meir Regional og desentralisert kompetanseutvikling Tal møte: 1 fysisk og 5 digitale møte	Barnehage- og skulefagleg ansvarlege og programleiar for System for styrka læring. Leiar: Ole Gunnar Krakhellen, Sogndal kommune. Frå 1. oktober Odd Einar Fimreite Årdal kommune. Leiar representerer Sogn i ulike samarbeidsfora.
Næringsnettverket	Fellesprosjekt i næringsnettverket Handlingsplan og plattform for samarbeidet. Masterplan for reiselivet Sogn for alle Kompetansebehov i arbeidslivet Prosjektet Grøn region Vestland Koronasituasjonen for næringslivet og for reiselivet Tal møte: 1 fysisk og 4 digitale møte	Næringsansvarlege, reiselivsdirektør og dagleg leiar i Sogn regionråd Leiar: Terje Laberg, Årdal utvikling
Plannettverket	Prosjektet Sogn for alle og drøfting om bustadpolitisk plan Korttidsutleige Airbnb med informasjon frå jurist frå Statsforvaltaren Arkitektur med verneverdi. Fylkeskommunen hadde innlegg BAKT – strategi for bustad, arbeid, klima og transport Drøftar saker kommunane jobbar med som arealdelen til kommuneplanen, mellombels byggeforbod, reguleringsplan i strandsona, tilpassing i verna kulturmiljøa m.m. Tal møte: 3 fysiske og 1 digitalt	Planleggjarar Leiar: Turid Kristin Brekke, Vik kommune
Psykolognettverket	Psykologfunksjonen i kommunane, forankring og samhandling med ulike fagprofesjonar. Drøfting og erfaringsdeling i nettverket. Implementering av ny fagprofesjon og samhandling var også tema på fagdagen 27. april i Sogndal der tilgrensande fagprofesjonar og kommunale leiarar var med. Koordinatorfunksjonen er finansiert av fornyingsmidlar. Tal møte: 4 fysiske møte og 1 digitalt	Kommunepsykologar Koordinator: Helge Ulvestad

Oppmålingsgruppa	Autorisasjon av eigedomslandmålarar. Nyhende-VA tilpasningar til ledningsregistreringsforskriften (SOSI Ledning 4.6) Ny teneste frå Norkart arealplaner.no - ein komplett løysing for forvaltning og innsyn i plandata med meir sjølvbetening og mindre sakshandsamingstid. E-Torg - Nettbutikk for digitale kart og byggesakstenester og nytt eByggesøk. Tal møte: 1	Landmålarar og GIS-koordinator i Sogn regionråd
Ungdomsnettverk	Rådmannsgruppa avvikla nettverket for ungdomsarbeidarar grunna få deltakarar og ulik organisering av ungdomsarbeidet i kommunane.	

2.8 Samarbeid i fylket

Sogn regionråd er representert i følgjande forum og råd:

- **Breibandforum.** Breibandforum tek initiativ, utviklar felles prosjekt og samordnar aktivitetar for utbygginga av breiband i fylket. Arnvid Hovland, Høyanger kommune er Sogn regionråd sin representant.
- **IT-forum Oppvekst og Utdanning.** Nettverket arbeider for å finna løysing for digitalt samarbeid på tvers av skulestega. Sogn regionråd sin representant er Jarle Christensen, Vik kommune.
- **Koordineringsrådet.** Koordineringsrådet i Helse Førde skal bidra til å utvikla og sikra kvaliteten på samarbeid og samhandling mellom partane. Gunn Lerøy, Lærdal kommune er Sogn regionråd sin representant.

Regionråda si rolle i Vestland: Samarbeidsavtalen Sogn regionråd hadde med fylkeskommunen varte ut 2019. Drøftingane om regionråda si rolle starta i 2020. KS Vestland samarbeidde med Vestland fylkeskommune i 2021 om prosess for å drøfta roller og samvirke i Vestland fylke, og hadde møte med regionrådssekretariata for å planleggje møte i Bergen i oktober.

2.9 Orienteringar og gjesteforedrag

I møta i Sogn regionråd har desse delteke med orienteringar:

- Ståle Brandshaug reiselivsdirektør Visit Sognefjord (digitalt)
- Kathrin Jakobsen seksjonssjef og Lasse Kolbjørn Anke Hansen prosjektleiar Vestland fylkeskommune (digitalt)
- Anne Kverneland Bogsnes direktør, Bjarte Hysing-Olsen assisterande direktør og Frode Henden prosjektleiar NAV Vestland (digitalt)
- Per Rune Vereide styreleiar og Arnar Helgheim dagleg leiar Sekom – sekretariat for kommunale kontrollutval (digitalt)
- Inger Marie Evjestad, programleiar System for styrka læring
- Heidi Myrvold, prosjektleiar Sogn for alle
- Jan Øhickers, Vidsyn rådgivning AS
- Terje Laberg, leiar i næringsnettverket i Sogn
- Arve Varden, administrerande direktør og Vidar Øvrebø, stadleg leiar Helse Førde

- Bekka Skaasheim, assisterande fylkesdirektør opplæring og kompetanse, Vestland fylkeskommune
- Roger Pilskog, regionleiar, LO Vestland
- Ann-Kristin Kristoffersen, rådgjevar, NHO Vestlandet (digitalt)
- Anne Kauppi, dagleg leiar, Sogn opplæringskontor (digitalt)
- Alf Olsen jr, dagleg leiar Nasjonalt villakssenter – Lærdal
- Helge Ulvestad, prosjektleiar desentralisert sjukepleiarutdanning i Sogn

2.10 Rapportar

Rapport utarbeidd på oppdrag eller i samarbeid med Sogn regionråd:

- Grøn Region Indre Vestland, 17.12.2021

2.11 Fråsegner

Sogn regionråd har gitt følgjande fråsegner og innspel:

1. Regionalplan for tverrfagleg spesialisert behandling 2021-2025, 26. januar 2021
2. Statnett si konseptvalutgreiing for behovsvurdering og ekstern kvalitetssikring for Bergen og omland, 31. januar 2021
3. Regional transportplan for Vestland - innspel 26. februar 2021
4. Berekraftig utvikling - Regional plan for innovasjon og næringsutvikling, 26. mars 2021
5. Opplæringstilbodet for skuleåret 2021/22, 14. april 2021
6. Regional transportplan 2022-2033 - innspel til handlingsplanen, 26. april 2021
7. Nasjonal transportplan 2022-2033 - innspel til Stortinget og transport- og kommunikasjonskomiteen, 26.4.2021
8. Innspel til dimensjonering av utdanningstilbodet 2022-2023 frå Hardanger-Voss og Sogn, 7. mai 2021
9. Skredsikringsmidlar - innspel til Vestland fylkeskommune, 13.12.2021
10. Regjeringa si endring av vaksinestrategi - til Statsforvaltaren i Vestland, 28. mai 2021
11. Statlege arbeidsplassar - uttale som oppfølging i møtet 18. juni 2021
12. Førstelinje utlendingsforvaltning - til Vest politidistrikt, 29.6.2021
13. Innspel til regional transport for Vestland 2022-2033, 10.9.2021
14. Kompetanseforum Vestland - innspel til handlingsprogrammet 2022 Berekraftig verdiskaping, 1. oktober 2021

3 Rekneskap

3.1 Rekneskapsoversikt

Deltakarkommunar: Aurland, Høyanger, Luster, Lærdal, Sogndal, Vik og Årdal		Rekneskap 2021	Revidert budsjett	Opphavleg budsjett	Rekneskap 2020
DRIFTSINNTEKTER					
Refusjonar frå deltakarkommunar		-4 999 687	-5 398 000	-5 512 000	-4 764 247
Refusjon frå staten					0
Refusjonar frå fylkeskommunen		-600			-580
Refusjonar frå andre/private		-15 860			-4 420
Sal til føretak i eigen kommune som fører særrekneslap		-170 480	-187 000	-193 000	-164 000
Refusjon fødselspengar		-112 832			0
Overføringar frå staten		-2 045 940	-2 318 000	-820 000	-2 160 858
Overføringar frå fylkeskommunar		-620 000	-970 000	-500 000	-230 000
Overføring frå kommunar				-25 000	-30 000
Overføringar frå andre		-18 000	0	-495 000	-55 000
Salsinntekter		-10 800			0
Mva kompensasjon		-277 718			-351 986
Sum driftsinntekter		-8 271 917	-8 873 000	-7 545 000	-9 200 550
DRIFTSUTGIFTER					
Løn- og sosiale utgifter		2 592 385	2 925 000	2 687 000	2 354 005
Kjøp av varer og tenester som går inn i kommunal tenesteprod		2 162 493	4 357 000	3 576 000	2 271 812
Kjøp av tenester som erstattar kommunal tenesteprod		15 000			300 000
Overføringar		2 676 915	4 290 000	1 627 000	2 578 072
Sum driftsutgifter		7 446 793	11 572 000	7 890 000	8 950 373
Brutto driftsresultat		-825 124	2 699 000	345 000	-250 177
Finansinntekter/finansutgifter					
Renteutgifter, provisjon og andre finansutgifter		0	0	0	0
Renteinntekter		-54 203			-59 269
Resultat eksterne finanstransaksjonar		-54 203	0	0	-106 495
Netto driftsresultat		-879 327	2 699 000	345 000	-356 672
Avsetjing og bruk av fond					
Bruk av bundne fond		-1 304 021	-2 799 000	-1 175 000	-1 040 682
Avsetjingar til bundne fond		2 183 348	100 000	830 000	1 357 153
Sum avsetjing og bruk av fond		879 327	-2 699 000	-345 000	356 672
Rekneskapsmessig meirforbruk/mindreforbruk					
		0	0	0	0
Oversikt over fond Sogn regionråd					
			31.12.2021		31.12.2020
251080816	Sogn regionråd-diverse prosjekt		-539 112		-523 644
251080817	Sogn regionråd-ungdom		-1		-85 408
251080818	Sogn regionråd - barnevern		-17 517		-17 517
251080819	Sogn regionråd - barnehage		-1 600 166		-1 617 027
251080820	Sogn regionråd - skule		-1 236 421		-1 245 354
251080821	Sogn regionråd - Skule fagnettverk		-432 044		-529 229
251080822	Sogn regionråd - kontigent		-476 226		-671 273
251080823	Sogn regionråd - psykolog folkehelse		-483 818		-483 818
251080824	Sogn regionråd - Læringsmiljøprosjektet		-396 015		-428 005
251080825	Sogn regionråd-Ultralydutstyr Lærdal		0		-126 000
251080826	Sogn regionråd - IKT		-88 104		-88 104

251080850	Sogn regionråd-Psykolognettverk	-147 838	-229 336
251080851	Sogn regionråd-Vaksenopplæring	-252 876	-263 697
251080852	Sogn regionråd-Sogn for alle	-508 353	-11 527
251080853	Sogn regionråd- Mentorprogram	-252 206	-119 943
251080854	Sogn regionråd-Sognaloo *	-734 310	0
251080855	Sogn regionråd-Etableraropplæring	-100 000	0
SUM		-7 265 007	-6 439 883

3.2 Bruk av fond

Det står kr 7 265 007 på fond pr 31.12.2021.

1. Diverse prosjekt: Kr 539 112 er unytta utviklingsmidlar frå fylkeskommunen og kommunane og tilbakeført meirverdiavgiftkompensasjon.
2. Ungdom: Nettverket for ungdomsarbeidarar er avvikla og midlane overført til fond div prosjekt.
3. Barnevern: Det står att kr 17 517 som kan nyttast til barnevern til dømes kompetanseutvikling.
4. Barnehage: Unytta eksterne midlar mellom anna frå Fylkesmannen til kompetanse og utvikling kr 1 600 166 er sett på fond.
5. Skule: Unytta midlar frå det regionale utviklingsprogrammet kr 1 236 421 er sett av på fond.
6. Fagnettverk: Unytta midlar frå fagnettverka utgjør kr 432 044 og er i hovudsak kontingentmidlar.
7. Kontingent: Unytta kontingentmidlar på kr 476 226 er sett på fond. Delar av summen er renteinntekter av fondsmidlar.
8. Psykolog folkehelse: Unytta midlar frå direktoratet til psykologstilling kr 483 818 står på fond.
9. Læringsmiljøprosjektet: Unytta midlar frå Fylkesmannen kr 396 015 er sett av på fond og skal gå til vidare arbeid knytt til inkluderande barnehage- og skulemiljø (IBOS).
10. Ultralydutstyr: Midlane frå Sogndal kommune og Balestrand kommune til ultralydutstyr er betalt til Helse Førde.
11. IKT: Unytta midlar kr 88 104 er sett på fond og kan dekke medlemsskap eller gå til kurs innan IKT.
12. Psykolognettverk: Unytta midlar kr 147 838 er fornyingsmidlar som er sett av på fond til bruk til det regionale nettverket og koordinatorfunksjonen.
13. Vaksenopplæringa: Unytta midlar kr 252 876 er sett på fond til bruk til aktivitetar.
14. Sogn for alle: Unytta midlar til prosjektet Sogn for alle kr 508 353 er sett av på fond.
15. Mentorprogrammet: Unytta midlar frå fylkeskommunen til mentorprogrammet kr 252 206 er sett av på fond til aktivitetane i 2022.
16. Etableraropplæringa: Midlar frå Vestland fylkeskommune kr 100 000 til etableraropplæringa er sett på fond til 2022



Sogn regionråd
Postboks 153, 6851 Sogndal
Telefon: 57 65 25 60
E-post: postmottak@sogndal.kommune.no
www.sogn.regionraad.no



Aurland
kommune



Høyanger
kommune



Luster
kommune



Lærdal
kommune



Sogndal
kommune



Vik
kommune



Årdal
kommune